



LINDÅS KOMMUNE
Teknisk etat
Byggesaksavdelinga
5914 Isdalstø

Arkiv: 070/010
Saksmappe: 03/00016-7
Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll

Hans Jakob Valle
Feste
5912 SEIM

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
061/03	Delegert sak handsama av bygningsjefen	26.02.03

Igangsetjingsløyve - grunnarbeid, betong og avløp - Feste Nærkjøp Hans Jakob Valle - Gnr.070 Bnr.010 Feste nordre

Dokument :

Søknad om igangsetjingsløyve, motteken 12.02.03.
Søknad om utsleppsløyve
Søknad om ansvarsrett – lokal godkjenning

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld igangsetjingsløyve for deler av arbeidet, etter rammeløyve gjeve 07.02.03, delegert sak 041/03.

Vedtak:

Søknaden om igangsetjingsløyve etter plan- og bygningslova § 93 jf. §95 nr. 2, vert godkjent på følgjande vilkår :

1. Med heimel i Plan- og bygningslova § 66.2 og § 4 i Forskrift om utslepp frå mindre avløpsanlegg vert det gjeve løyve til avløp via slamavskiljar til sjø på min. 20 m djupne.
2. Kommunen har ingen merknad til at slamavskiljaren vert plassert på kommunal grunn. Sidan dette arealet er del av fylkesvegen, må Statens vegvesen gje sitt samtykke før arbeidet kan setjast i gang.

Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år. (jf. Pbl. § 96)

R. VALLE MASKINSTASJON vert godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningsområde: UTF./KUT.150.2, 181,2

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)

for bygningsjefen

Knut Bjørnevoll
Sakshandsamar

Kopi til:
Arkitekt Knut Willie Jacobsen 5912 SEIM
Nordhordland veg- og trafikkstasjon, 5914 Isdalstø



LINDÅS KOMMUNE
Teknisk etat
Byggesaksavdelinga
5914 Isdalstø

Arkiv: 070/010
Saksmappe: 03/00016-2
Sakshandsamar: Knut Bjørnevoll

Arkitekt Knut Willie Jacobsen

5912 SEIM

Saksnr	Sakstype	Vedtaksdato
041/03	Delegert sak handsama av bygningssjefen	07.02.03

Rammeløyve - Feste Nærkjøp - tilbygg/påbygg Hans Jakob Valle - Gnr.070 Bnr.010 - Feste nordre

Dokument :

Søknad om løyve til tiltak, motteken 31.12.2002.

- teikningar
- situasjonsplan i målestokk 1: 1000
- kvittering for mottekne nabovarsel
- søknad om ansvarsrett
- kontrollplan for prosjektering
- kontrollerklæring for prosjektering

Saksutgreiing :

Søknaden gjeld utviding av butikkarealet med vel 80 m², og påbygg med 2 fritidshusvære for utleige. Utviding utgjer 219 m² bruksareal. I arealdelen til kommuneplanen er arealbruken fastsett til *noverande byggeområde for næringsverksemd.*

Vurdering :

Verksemda driv handel med daglegvarer, drivstoff og gatekjøkken, og har ein vesentleg del av omsetninga i sommarsesongen, basert på ferierande i hytter og båtar. Tilbod om overnatting vil vera ei naturleg utviding av verksemda sine aktivitetar, innafor den arealbruken som er fastsett i kommuneplanen. Eigedommen har romslege parkeringsforhold. Dei to hytteiningane og utvidinga av forretningsarealet vil ikkje føra merkbar auke i trafikken. Omsøkte utbygging er så moderat at den kan godkjennast utan reguleringsplan. Ved søknad om vidare utbygging, må krav om reguleringsplan/utbyggingsplan vurderast

Vedtak:

Søknaden om løyve til tiltak etter plan- og bygningslova § 93, vert godkjent i samsvar med innsende teikningar, planar og utgreiingar, på følgjande vilkår :

1. Med heimel i Plan- og bygningslova § 7 gjev bygningssjefen dispensasjon frå PBL §70 for oppføring av bygg med mønehøg 9,5 m.

(forts.)

2. Avløpsanlegg med slamavskiljar og utsleppsleidning til sjø skal tilretteleggjast slik at andre bygg/eigedommar i området kan koplust til. Det skal sendast inn søknad om utsleppsløyve med plan for anlegget.
3. Forhold vedrørende detektering og varsling av brann, og rømmingsvegar må vurderast særskilt i den vidare prosjekteringa.

I samsvar med Plan- og bygningslova § 93 jfr. § 95, vert det ikkje tillate å setja i gang arbeid før det er gjeve igangsetjingsløyve for tiltaket, eller deler av det


Søknad om igangsetjingsløyve må sendast inn seinast 3 år etter at løyvet er gjeve, elles fell løyvet bort (PBL § 96).

Godkjenningar (Pbl §§ 93 b, 98 og 98 a)

KNUT WILLIE JACOBSEN vert godkjent som ansvarleg føretak for følgjande godkjenningssområder: SØK.040.1, PRO/KPR.110.1

Om rett til å klaga på vedtaket, sjå vedlagt orientering (forvaltningslova § 27, tredje ledd)

for bygningsjefen



Knut Bjørnevoll
sakshandsamar

Kopi til:
Hans Jakob Valle, Feste, 5912 SEIM